



Møteprotokoll

Utval: Nærøyfjorden verneområdestyre

Møtestad: Lærdal

Dato: 22.08.2022

Tidspunkt: 10:00 - 00:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Trygve Skjerdal	Leiar	Aurland kommune
Audun Mo	Nestleiar	Lærdal kommune
Marta Sofie Vange	Medlem	Vik kommune
Björg Djukastein	Medlem	Voss herad

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	Vestland fylkeskommune

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader:

Møtet starta kl. 10.00 22. august med tur til Hausen i Bleia naturreservat. Styremøtet vart avslutta 23. august kl. 10.00. Etter styremøte var det guida tur langs vatningsveita på Ljøsne.

Andre frammøtte:

Kristoffer Ullern Hansen - SNO

Magnhild Aspevik - landbrukssjef Aurland, Lærdal, Årdal

Inga Lindstrøm - Vestland fylkeskommune, seksjon for kulturarv

Andre frammøtte:

Namn

Anbjørg Nornes

sekretær / verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Trygve Skjerdal

Marta Sofie Vange

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 14/22	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 15/22	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 16/22	Orienterings- drøftings- og referatsaker		
RS 23/22	Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Håvasete - helikoptertransport av utstyr og proviant		2022/8694
RS 24/22	Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hjølmo - motorferdsel på barmark - reparasjon stølshus - utvida periode		2021/8179
RS 25/22	Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopterflyging for tilsyn med grindanlegg og tiltak mot CWD		2021/7494
RS 26/22	Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - Undredal til Vassete - materialtransport		2021/11448
RS 27/22	Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Dyrdal - motorferdsel i samband med skjøtsel i kulturlandskapet		2022/6412
RS 28/22	Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Stordalen og Jøtebotnen - helikoptertransport - jordskiftesak		2022/10717
RS 29/22	Delegert vedtak - dispensasjon - Nordheimsdalen naturreservat - organisert ferdsl - Voss Utferslag		2022/10946
RS 30/22	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Kunngjering - fastsett planprogram - klimaplanen - innspel til planrevisjon		2022/9235
RS 31/22	Svar - Førehandsvarsel - retting - tiltak med gjerde rundt stølshus på Vasset		2022/3668
ST 17/22	Nærøyfjorden verneområdestyre - uttale - kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2033 - Aurland kommune		2022/9332
ST 18/22	Nærøyfjorden landskapsvernområde - tiltak etter flaumskade på stølsveg mellom Brattemoten og Langhuso i Undredal		2021/4603
ST 19/22	Nærøyfjorden landskapsvernområde - retting av tiltaket med gjerde rundt stølshus på Vassete		2022/3668

Orienteringar i møte:

1. Status planlegging og gjennomføring av tiltak
2. Orientering om vikar i stillinga som verneområdeforvaltar,

ST 14/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 22.08.2022

Handsaming i møte

Referatsak 31/22 vart endra til styresak, og lagt til på som sak 19/22.

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

ST 15/22 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 22.08.2022

Handsaming i møte

Framlegg på Marta Sofie Vange til å skriva under protokollen.

Vedtak

Marta Sofie Vange vart valt til å skriva under møteprotokollen saman med styreleiar.

ST 16/22 Orienterings- drøftings- og referatsaker

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 22.08.2022

Handsaming i møte

Orienteringssaker og referatsaker vart presentert i møte

Vedtak

Orienteringssaker og referatsaker vart tatt til orientering.

ST 17/22 Nærøyfjorden verneområdestyre - uttale - kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2033 - Aurland kommune

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 22.08.2022

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar, men med ei retting. Under kulepunkt 3, skal det rettast frå 5 til 6 verneområde.

Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre kjem med fylgjande uttale til samfunnsdelen av kommuneplanen i Aurland kommune:

- Kap. 2: I fyste avsnitt må det rettast til at det er to store landskapsvernområde i Aurland.
- Kap. 4.1.1: I dette kapitlet er det tatt med kva verneområde som er i Aurland kommune. Bleia naturreservat er tatt med, men dette naturreservatet er ikkje i Aurland kommune. Det ligg i Lærdal kommune. I tillegg til Nærøyfjorden landskapsvernområde, må Bleia-Storebotnen landskapsvernområde nemnast. Aurland kommune har også areal i Hallingskarvet nasjonalpark.
- Kap. 4.2.2: Besøksstrategien omhandlar ikkje berre Nærøyfjorden landskapsvernområde, men alle verneområda i Nærøyfjordområdet. For Aurland kommune sin del er dette 6 verneområde.
- Kap. 4.2.3: Kva vil det sei å vera ein klimavennleg organisasjon som tek vare på naturverdiane? Under dette kapitlet bør det også vera med at samfunnsplan skal vera i tråd med retningslinjer i gjeldande forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden.

ST 18/22 Nærøyfjorden landskapsvernområde - tiltak etter flaumskade på stølsveg mellom Brattemoten og Langhuso i Undredal

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 22.08.2022

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Undredal sameigelow løyve til å reparera gamlevegen mellom Brattemoten og Langhuso i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Arbeidet inneber å mura opp att støttemur under vegen, og setja i stand vegen som er rast ut.

Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Vegen skal byggjast opp att med same standard som den gamle vegen hadde.

- Muren skal byggast som ein støttemur under vegen, og byggjast i elvekanten. Muren skal byggjast slik at den ikkje snevrrar inn elveløpet, men stoppar vidare utrasing av elvekanten. Vegmuren skal avgrensast til området som er rast ut under flaumen.
- Vegbreidda kan vera maksimalt 2 meter. Vegdekke skal vera av grus og jord, slik at vegen gror til med stadeigen vegetasjon. Det skal ikkje tilførast jord frå andre stader.
- Det kan nyttast gravemaskin for å byggja steinmuren, og for å reparera vegen. Tilkomst med gravemaskina er via elveløpet frå vegsida på andre sida av elva.
- Stein skal hentast i nærleiken, men utanfor verneområdet. Løyve til å ta ut stein og bygge støttemur i elvekanten må avklarast med kommunen.
- Grunneigarane i området er eigar av vegen, og har ansvar for vidare vedlikehald av vegen.

ST 19/22 Nærøyfjorden landskapsvernområde - retting av tiltaket med gjerde rundt stølshus på Vassete

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 22.08.2022

Handsaming i møte

Verneområdestyret handsama svaret frå grunneigarane om fristen for å fjerna gjerde og gjerdestolpane rundt stølshuset på Vassete. Styret sette frist til 01.09.2023 for å fjerna gjerde og gjerdestolpane rundt stølshuset. Tiltaket skal rapporterast med innsending av bilde innan 01.09.2023.

Framlegget vart samrøystes vedtatt.

Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev grunneigarane frist til 01.09.2023 for å fjerna gjerde og gjerdestolpane rundt stølshuset på Vasseste. Utført arbeid med fjerning av gjerde skal rapporterast med innsending av bilde til sekretariatet innan 01.09.2023.